

**Oppfordring til Ullensvang kommune vedkomande Hydro sine planar om arbeid på Valdalsdammen.**

**Oppfordring til Ullensvang kommune**

Meld i frå til NVE om at arbeidet med flaumoverløp må setjast på vent til reguleringsplan, nødvendige sikkerhetstiltak og omkjøringsveg ved dammen er på plass.

Det er viktig at ressursene blir brukt på varige tiltak som har verdi for framtida.

Vi har sendt inn høyringsinnspeil til NVE med kopi til Ullensvang kommune der vi tilrår at det blir utarbeidd ein reguleringsplan for området.

Brevet vårt var nok ikkje tydeleg nok, difor sender vi denne meldinga med presisering av dei viktigaste sikkerhetmessige tiltak som vi meiner må til i dette området.

Vi er kjent med at kommunen er sterkt pressa på økonomi, samtidig som Hydro har enorme inntekter frå kraftanlegga i Røldal.

Vi kan ikkje forstå at kommunen ikkje vil nytta denne sjansen til å få ordna opp i forhold og problem som i all hovedsak er skapt av kraftselskapet.

Vi er også kjent med at det er mange fleire større arbeidsoppgåver i emninga for Valdalsdammen, (ref. mangellista for dammen).

I tillegg veit vi at Hydro har søkt om å få byggja om til effektverk, noko som også vil kunna medføra endå meir arbeid i området.

Uansett vil det bli nødvendig med fleire større jobbar på dammen i nær framtid.

Alt dette er informasjon som tilseier at det er heilt nødvendig å sjå denne saka i eit større perspektiv og dermed prioritera å få på plass ein reguleringsplan før arbeidet med dammen blir igangsett.

**Farleg vegkryss Haukelivegen - Valdalsvegen**

Vegkrysset ved Haukelivegen er svært uoversiktleg, særleg i høve til trafikken som kjem frå aust.

Farlege trafikksituasjoner oppstår også i dag både ved av- og påkjøring.

Korleis kan krysset sikrast? Kva med akselerasjons- og retardasjonsfelt? Fartsgrenser?

Er vegvesenet blitt kontakta vedkomande planane om anleggstrafikk?

**Valdalsvegen - kva tåler vegen?**

Valdalsvegen tek av frå Haukelivegen (E134) ved Hølen.

Ein stor del av vegstrekningen inn til Einungselva er bygd på myr.

Det har aldri tidlegare vore tungtrafikk på denne vegen, som truleg vil få store skader på vegbanen dersom steinmassane skal fraktast til Liamyrane.

Kva med møteplasser ved anleggstrafikk?

**Farleg vegkryss ved Einungselva**

I krysset like sør for Einungselva går gamlevegen til Hyttejuvet og Hydro sin parkeringsplass. Dette krysset er svært uheldig utforma.

Sist det var anleggsarbeid på dammen laga Hydro ein provisorisk veg, for steintransport over Einungsstølen på nordsida av elva, som vart fjerna igjen etterpå.

Brua på gamlevegen over Einungselva er ikkje konstruert for tungtransport.

## Røldal grunneigarlag

Her er det viktig å laga ei god løysing av varig verdi, ikkje stadige provisorier.

### **Vinterparkering**

Hydro planlegg ei mellombels parkering i svingen på vegen opp til dammen.

Planen vil langt i frå dekka det som trengst av parkering vinterstid.

Dette vil utan tvil føra til kaos.

Vi kan heller ikke forstå at løysinga er akseptabel med omsyn til sikker tilkomst for brann og redning, politi og Røde kors.

### **Forbikøyringsveg ved dammen:**

Ein slik veg må på plass før anleggsarbeidet blir igangsett.

Vegen burde vore laga for mange år sidan.

Det er ikke akseptabelt at vegen skal bli stengt no igjen.

Sist det var anleggsarbeid på dammen opplevde vi eit slikt stengeregime som medførte store problem for brukarane. Ein time blir fort til mange timer i praksis når det foregår anleggsarbeid.

Det er ikke akseptabelt at vi skal få denne type prosjekt om og om igjen i åra framover.

Særleg ikke når det er enkle tiltak som skal til for å laga ein omkjøringsveg.

Øvrige tiltak som er nevnt i dette brev er heilt nødvendige uansett for å få varige og trygge løysingar.

### **Bruk av steinmassar frå tunellarbeida**

Steinmassar bør absolutt brukast lokalt til nødvendige varige tiltak i Valdalen og ikke fraktast bort. Utanom parkering og forstrekning av vegbanen på Valdalsvegen kan steinmassane brukast til å laga ein betre nedkjøringsveg i magasinet for å få tryggare vintertilkomst til isen. (viser til vår omtale om dette i tidlegare brev til NVE)

Med helsing for Røldal grunneigarlag

Olav S. Rabbe